



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
**Miljøvernavdelinga**



## **Supplerande kartlegging av naturtypar i Giske kommune i 2012**

**Framsidebilde:** Purpur marihand, her frå området på nordsida av Rørvikvågen, er ein sjeldan og freda orkidé som har uvanleg gode førekomstar i Giske. Giske kommune er faktisk den einaste kommunen i Møre og Romsdal med stadfesta funn for denne vakre arten etter at førekomsten på Smøla ikkje er funnen att. Marihanda er bunden til næringsrike, strandnære våtenger.

Utførende konsulent:  Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg:  Dag Holtan	ISBN 978-82-7430-261-7 (Pdf utgåve)  ISSN 1891 876x
Oppdragsgjever:  Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjever:  Kjell Lyse	År: 2013
<b>Referanse:</b> Holtan, D. 2013. Supplerande kartlegging av naturtypar i Giske kommune i 2012. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga, rapport nr. 2 – 2013. 75 s. ISBN 978-82-7430-261-7 (PDF på nett).		
<p><b>Referat:</b> Det vart i 2012 gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Giske kommune på nordre Sunnmøre. Av i alt 24 avgrensa objekt er 7 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A) og 17 som viktige (B), medan tre område er vraka sidan 2003-kartlegginga, mest grunna kritisk attgroatning med sterkt reduserte naturkvalitetar. Det største botaniske verdiane finn ein i ulike utformingar av kulturlandskap og våtmarksmiljø, inkl. dei mange verneområda i kommunen. Av raudlista vekstar er det no kjent 37 soppar (alle desse er beitemarksoppa bundne til tradisjonelt drifta naturbeitemarker eller slåttemarker), 4 lavartar, 13 karplanter og ein mose i kommunen.</p> <p>Dei 11 verneområda eller naturreservata i Giske er ikkje handsama i rapporten, og fleire av desse har no fått eigne forvaltingsplanar.</p> <p>Ein skal vere forsiktig med å rangere raudlisteartane, men det kan likevel ettertrykkeleg slåast fast at Giske kommune saman med dei respektive grunneigarane har eit stort ansvar for å ta vare på den sjeldne og freda orkidéen purpurmarihand (sjå framsida). Den største førekomensten ser ut til å vere i Rørvikvågen, i hovudsak utanfor verneområdet, og i Møre og Romsdal er arten berre kjent frå Giske kommune.</p>		
<p><b>Emneord:</b> Giske Naturtypar Raudlisteartar Verdisetting</p>		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
Ulf Lucasen (Seksjonssjef)	Lindis Nerbø (Miljøverndirektør)	

# Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Giske kommune. Oppdraget har omfatta kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon, og er ei vidareføring av arbeidet frå 2003. merk at verneområda ikkje er handsama i rapporten. Mykje av feltarbeidet har gått med til kvalitetssikring av eksisterande kunnskap.

Bakgrunnen for arbeidet av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, sluttar seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet («Countdown 2010», no justert til 2020). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Giske er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Det nye feltarbeidet er utført av Dag Holtan i løpet av 2012, og Perry Larsen (Skodje) har som vanleg delteke på mykje av feltarbeidet. Alle bilda i rapporten er tekne av forfattaren sjølv.

Sjøholt 13.02.2013

Dag Holtan

# Innhold

## SAMANDRAG 7

1 INNLEIING	11
1.1 BAKGRUNN	11
1.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	12
1.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	13
1.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	14
1.4.1 Fysiske inngrep .....	14
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk .....	14
1.4.3 Spreiing av framande organismar.....	15
1.4.4 Overhausting .....	15
1.4.5 Forureining.....	15
1.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	16
1.5.1 Verneområde i Giske .....	16
1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen .....	16
1.5.3 Aktiv sikring.....	16
1.5.4 Passiv sikring .....	17
1.5.5 Grunneigaravtalar.....	17
1.5.6 Verkemiddel i landbruket .....	17
1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020 .....	17
1.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN	18
1.7 FORKLARING AV NOKRE OMGREP	18
2 METODE 20	
2.1 INNSAMLING AV INFORMASJON	20
2.1.1 Viktige litteraturkjelder .....	21
2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven .....	21
2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar .....	21
2.1.4 Feltarbeid.....	21
2.1.5 Bestemming og dokumentasjon .....	21
2.2 VERDISETTING OG PRIORITERING	21
2.2.1 Generelt.....	21
2.2.2 Kriterium og kategoriar .....	22
2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar .....	22
2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar .....	22
2.2.5 Område med lite data eller usikker status.....	23
2.3 PRESENTASJON	23
2.3.1 Generelt.....	23
2.3.2 Omtale av lokalitetane .....	23
2.3.3 Kartavgrensing .....	23
3 NATURGRUNNLAGET 24	
3.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA	24
3.2 BERGGRUNN OG LAUSMASSAR	25
3.3 KULTURPÅVERKNAD	26
4 NATURTYPAR 27	
4.1 HOVUDNATURTYPAR	27
4.2 LOKALITETAR MED NYTT FELTARBEID I 2012	29
1532101 Giske: Buholmen/Storevika .....	29

1532102	Giske: Giske utmark.....	30
1532103	Giske: Sandvika .....	32
1532104	Giske: Staursundet nord .....	33
1532105	Giske: Staursundet skrotemark.....	35
1532106	Godøy: Alnes.....	37
1532107	Godøy: Alnes sørvest .....	38
1532108	Godøya: Kannset.....	39
1532109	Godøya: Lestabukta.....	40
1532110	Godøya: Lesten .....	42
1532111	Godøya: Sandvika .....	42
1532112	Valderøya: Skjonghellaren .....	44
1532113	Vigra: Blimshaugen.....	46
1532114	Vigra: Blimssanden .....	48
1532115	Vigra: Blindheim.....	50
1532116	Vigra: Blindheimsnausta .....	51
1532117	Vigra: Blindheimsnausta aust.....	52
1532118	Vigra: Hageneset .....	55
1532119	Vigra: Hagevika vest .....	56
1532120	Vigra: Langhaugen (Roald).....	57
1532121	Vigra: Roaldsneset.....	60
1532122	Vigra: Rørvikvågen .....	62
1532123	Vigra: Synnesfjellet .....	65
1532124	Vigra: Ålesund lufthavn .....	67
4.3	LOKALITETAR SOM IKKJE VART PRIORITERTE I 2012	69
<b>5 RAUDLISTA 70</b>		
5.1 RAUDLISTA VEKSTAR I GISKE		70
5.1.1	Sopp	70
5.1.2	Lav	71
5.1.3	Karplanter	71
5.1.4	Mosar	71
<b>6 KJELDER 72</b>		
6.1	SITERT LITTERATUR	72
6.2	VERDSVEVRESSURSAR	73
7	<b>KART 74</b>	

# **Samandrag**

## ***Bakgrunn og føremål***

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemndene.

## ***Metodikk***

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen (<http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>), databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjente. For å skaffe fram ny kunnskap blei det òg gjort noko nytt feltarbeid. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart, database (Access) og i rapportform.

## ***Naturgrunnlag***

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

## ***Naturtypar i Giske***

Dei ulike naturtypane i Giske er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg kulturlandskap og strandmiljø, og berre eitt område som har naturskog er med.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdiar til fleire ulike naturtypar i Giske. Generelt kan det seiast at det ikkje uventa er størst verdiar knytte til ulike typar kulturlandskap, særleg naturbeitemark og kystlynghei, men også beita strandområde.

**Tabell 1.** Naturtypelokalitetane med fordeling på hovudnaturtype, verdi og viktige område (markert med X) med tanke på oppfølging av regjeringa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfold innan 2020 (jf. kapittel 1.5.7). Kodane betyr: A08= Kystmyr, B01= Sørventd berg og rasmrk, B04= Nordvendte kystberg, D01= Slåttemark, D04= Naturbeitemark, D07= Kystlynghei, D15= Skrotemark, F01= Rik edellauvskog, G03= Sanddyne, G04= Sand- og grusstrand og G05=Strandeng og strandsump. Legg merke til at naturreservata og verneområda ikkje er prioriterte eller lista opp her. Dei er tilgjengelege i Naturbase på Internett. Område prioriterte i 2012 er med i kapittel 4.2. Verdiane er slik: A= Svært viktig, B= viktig og C= lokalt viktig, medan område med verdien 0 er nulla ut i 2012 (jf. tabell i kapittel 4.3).

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi 2005	Verdi 2012	2020
Giske: Buholmen/Storevika	G03/G04/G09	G0301/G0401/G0902	B	B	
Giske: Giske utmark	A08	A0802	B	B	
Giske: Sandvika	G03	G0302	B	B	X
Giske: Staursundet nord for bruа	G04	G0401		B	
Giske: Staursundet skrotemark	D15	D1506		B	
Godøya: Alnes	D04	D0404	A	A	X
Godøya: Alnes SV	B04	B0401	B	B	X
Godøya: Kannset	B01/F01	B0101/F0103	A	B	X
Godøya: Lestabukta	B04	B0401	B	B	
Godøya: Lesten	D07	D0705	B	B	
Godøya: Sandvika	G03/G04	G0301/G0402	C	B	
Valderøya: Skjonghellaren	B01	B0101	B	B	
Vigra: Blimshaugen	D04	D0407/D0411/D0412	A	A	X
Vigra: Blimssanden	G03/G04	G0302/G0401	C	A	X
Vigra: Blindheim	A08	A0802	A	B	
Vigra: Blindheimsnausta	D04	D0412		B	
Vigra: Blindheisnausta aust	D04	D0412		B	
Vigra: Hageneset	G05	G0501	B	B	
Vigra: Hagevika vest	D04	D0404/D0407		B	
Vigra: Langhaugen	D04	D0407/D0411	A	A	X
Vigra: Molnesurene			B	0	
Vigra: Roaldsneset	G03	G0301	C	B	
Vigra: Rørvikvågen	D04	D0412	B	A	X

Vigra: Røssvika		C	0	
Vigra: Røssvika: Tørneset		C	0	
Vigra: Synnesfjellet	D07	D0703/D0706	A	A
Vigra: Ålesund lufthavn	D01	D0107		A X

### **Raudlisteartar**

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd eller forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2010 (Kålås mfl. 2010).

Det er registrert ei rekke førekommstar av raudlista karplanter, sopp og lav osb. i Giske, og vekstar som er moglege å finne på nasjonale databasar på verdsveien er omtalte i kapittel 5.

### **Kunnskapsstatus**

Tabell 5.1 inneholder ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om vekstar og potensielle raudlisteartar i Giske er jamt over middels god.

### **Kunnskapsstatus – litteratur**

Det er publisert nokså mykje litteratur frå Giske opp gjennom åra i ulike samanhengar. Viktige litteraturkjelder frå nyare tid er samla i tabell 2.1.

Det meste av dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturtypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspeil gjennom ikkje publiserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom statlege tilskot.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), ”Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfold i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: ”Konvensjonen om biologisk mangfold”, som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvalting (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet skal gjennomførast. Oppdaterte utgåver av handboka kom på verdsveien i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

I naturmangfaldlova er dessutan følgjande prinsipp sentrale i all natur- og artsforvalting:

### § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvalningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

### § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjons erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

### § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligg tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligg en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

### **§ 10. (økosystemtilnærming og samlet lastning)**

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede lastning som økosystemet er ellers utsatt for.

### **§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)**

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

### **§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

## **1.2 Kva er biologisk mangfold?**

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfold jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfold definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

Meir presist er biologisk mangfold definert slik i naturmangfoldlova:

### **§ 3. (definisjoner)**

I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;

- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggsøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkuter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnatningsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.

### 1.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdiar som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisin, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiar som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av ikkje utnytta genetiske ressursar, både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, komande generasjonar sine moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane hører òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekraftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

## 1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

### 1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er mellom dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagde i avgjerdssprosessane. Det er eit stort utbyggingspress i Giske, særleg konsentrert til dyrkbart areal og strandnære område. Ein må rekne med at det i framtida òg kan verte press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4.2), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

### 1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men òg fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Lindegaard & Henriksen 2011). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til andre verdkriga. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås mfl. 2010).

Status for Giske i 2012 er at det er svært lite att av tradisjonelt drive kulturlandskap, og ein del av dei tidlegare kartlagde lokalitetane (jf. Holtan 2004) er no såpass attgrodde at dei vart lågt prioriterte under det nye feltarbeidet. På den andre sida har kommunen framleis nokre verdifulle naturbeitemarker.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjer berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei siste 50-100 åra stadvis vortne erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vortne drenerte og deretter tilplanta. Naturskog i Giske finn ein eigentleg berre på Godøy.

### **1.4.3 Spreiing av framande organismar**

Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosistema er eit aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i forhold til verdiskaping. Mange innførte artar er dårlig tilpassa dei lokale økosistema, og vil forsvinne etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas mfl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Giske. Etter Artskart (<http://artskart.artsdatabanken.no>) ser ein at artar med potensielt høg til høg risiko som er funne i kommunen er slike som fagerfredlaus, korgpil, parkslirekne, rynkerose, svarthyll og sitkagran. I tillegg veit ein no at også brunsneglen har etablert seg. Det same gjeld for bergfuru, buskfuru, lerk, platanlønn og svensk asal. Samla sett står kommunen framfor ein del utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane, eller halde dei i sjakk. Ei kartlegging av omfanget av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innanfor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

### **1.4.4 Overhausting**

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Om aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar (t.d. furu), kan ringverknadene bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan også tenke seg at somme artar med små nasjonale bestandar kan vere utsatte for samlarar, utan at det er kjend konkrete døme på dette i Giske.

### **1.4.5 Forureining**

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller også som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert også reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein negativ effekt i til vanleg næringsfattige økosystem som kystlynghei eller furuskog. Ved flyplassen har det også over tid rent ut ei farleg miljøgift som PSOF i grunnvatnet ( forbode frå 2007) ([http://www.avinor.no/tridionimages/2011\\_Avinor\\_miljørappart\\_tcm181-146106.pdf](http://www.avinor.no/tridionimages/2011_Avinor_miljørappart_tcm181-146106.pdf)).

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverke naturen i Giske. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Møre og Romsdal. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadene vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde høyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Giske har også enkelte sørlege artar som er på eller nær si kjende nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

## **1.5 Forvalting av biologisk mangfald i kommunane**

### **1.5.1 Verneområde i Giske**

11 område i Giske har status som naturreservat eller fredingsområde for fugl og pattedyr osb. (<http://lovdata.no/for/lf/kommu-GISKE.html>):

- 1) 1988.05.27 nr 0391: Blindheimsvik fuglefredingsområde.
- 2) 2010.05.28 nr 0858: Erkna naturreservat
- 3) 1988.05.27 nr 0390: Giske fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding
- 4) 2010.05.28 nr 0859: Langholmen naturreservat
- 5) 2002.11.08 nr 1237: Molnes naturreservat
- 6) 1988.05.27 nr 0392: Roaldsand fuglefredingsområde
- 7) 1988.05.27 nr 0393: Rørvikvatnet naturreservat
- 8) 1988.05.27 nr 0394: Rørvikvågen fuglefredingsområde
- 9) 2010.05.28 nr 0860: Storholmen naturreservat
- 10) 1988.05.27 nr 0395: Synesvågen naturreservat
- 11) 2010.05.28 nr 0861: Sætredalen naturreservat

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men dette ansvaret kan bli overført til mellom anna kommunane, dersom kommunane sjølv ønsker det. Giske har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

### **1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen**

Forvaltingsansvaret for areal i Giske ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi den er ansvarleg for ein samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen oreigne, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekke forvaltast av kommunen gjennom bruk av plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvalting av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvalting, jf. også naturmangfaldlova. Kunnskap om viktige naturområde i Giske er samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i forvaltinga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigrarar av særlig verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

### **1.5.3 Aktiv sikring**

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å ta vare på område gjennom plan- og bygningslova, men i dag er §§ 8-12 i naturmangfaldlova likevel meir aktuelle.

#### **1.5.4 Passiv sikring**

Kommunen kan sørge for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (jf. naturmangfaldlova).

#### **1.5.5 Grunneigaravtalar**

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtaler likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. I skogvernet er frivillig vern norma i dag (sidan 2003).

#### **1.5.6 Verkemiddel i landbruket**

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar denne moglegheita til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre bygningar og kulturminne. I Giske må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

#### **1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020**

Grunnlova si § 110b krev at naturkvalitetane vert tekne vare på for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturmangfaldlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjoner.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltas* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfald vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosistema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponeras* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjoner sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg *skal stoppast* innan 2010 (seinare justert til 2020). Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg* tapet i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiaast i Giske i 2011, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås mfl. 2010) går det fram at flest truga artar er knytte til skog og kulturlandskap. For Giske er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.
- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Lindegård mfl. 2011) finn vi følgjande truga typar representerte i Giske: strandeng (NT), sørleg strandeng (EN), sørleg etablert sanddynemark (EN), kystnedbørsmyr (VU), rikare myrflate i låglandet (EN), slåtteeng (EN), kystlynghei (EN).
- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2020 må strategiplanen for Giske som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1.1 og lokalitetsomtalane i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekost av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepssfrie område (i høve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekost av raudlista artar. Lokalitetane i tabell 1 med verdi A peikar seg ut som dei viktigaste her.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølvsagt òg følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Giske.
- Framande artar. Som nemnt i kapittel 1.4.3 må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

## 1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Giske kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapittelet om metodikk).

## 1.7 Forklaring av nokre omgrep

**Beitemarksopp:** Grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

**Biologisk mangfald** (sjå kapittel 1.2) omfattar mangfald av:

- naturtypar (økosystemnivå)
- arter (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

**Indikatorart (signalart):** Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdiful naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

**Kontinuitet:** I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie

seg om gjenteken, årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Lungeneversamfunnet:** Nytta om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langt fleire artar.

**Naturbeitemark:** Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.

**Natureng:** I snever forstand gamle slåttemarker med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet nytta i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.

**Naturengplanter:** Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallel til beitemarksoppiane (jf. Jordal & Gaarder 1999).

**Nøkkelbiotop:** Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Oseanisk:** Som har å gjøre med kysten og havet. Vert nytta om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseansk er kontinental.

**Raudlista:** Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås mfl. 2010).

**Svartelista:** Eit oversyn over innførde artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas mfl. 2012).

**Tradisjonelt kulturlandskap:** Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydning, lauving og llyngheskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og llynhei.

## 2 Metode

### 2.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, dels fra eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levested for uvanlige eller kravfulle arter som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006, oppjustert 2007).

Døme:

- Ein registererer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registererer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registererer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registererer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registererer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nordvendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sørvendte rasmarker osb.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

## **2.1.1 Viktige litteraturkjelder**

**Tabell 2.1.** *Dei viktigaste nyare, skriftlege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Giske, med kort kommentar til innhaldet.*

Kjelde	Kommentar
Holtan, D. 2004. Biologiske undersøkingar i Giske kommune. Rapport, Giske kommune. 69 s.	All kunnskap til og med 2003 er samla her.
Solvang, R. & Holtan, D. 2011. Biologisk mangfold på Ålesund lufthavn, Vigra, Giske kommune, Møre og Romsdal. Avinor BM-rapport nr. 8 -2010. 30 s	Nye opplysningar om mangfeldet på slåtteengene inne på flyplassen

## **2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven**

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Naturhistorisk Museum i Oslo er kontrollerte på Verdsveven i februar 2013, sjå kapittel 5.2. Også Artsdatabanken ([www.artsdata.artsdatabanken.no](http://www.artsdata.artsdatabanken.no)) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom Artsdatabanken og universitetsdatabasane er det somme tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

## **2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar**

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Giske. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Perry G. Larsen (Skodje) har vore nyttige.

## **2.1.4 Feltarbeid**

Eigne feltregistreringar vart gjort i fleire bolkar i vekstsesongen i perioden 2012, ofte saman med Perry Larsen.

## **2.1.5 Bestemming og dokumentasjon**

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog mfl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (mest planter og sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo (NHM), der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet. Offisielle norske namn leggast elles fortløpende ut på verdsvevsida til Artsdatabanken <http://www2.artsdatabanken.no/artsnavn/>.

# **2.2 Verdisetting og prioritering**

## **2.2.1 Generelt**

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta omsyn til enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å omsyn til på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang.

## **2.2.2 Kriterium og kategoriar**

Verdisettingskriteria følgjer DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbar (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

## **2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar**

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisette den. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalte i eit eige kapittel i rapporten (kapittel 5). Signalartar vert kort omtalte her. Nedafor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: Naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: breiflangre, fuglereir, furuvintergrøn, junkerbregne, kransmynte, lundgrønakks, myske, raudflangre, sanikkelskogfaks, skogsvingel, skogsvinerot, svarteknapp, taggbregne, tannrot, trollbær, vårerteknapp og vårmarihand o.a.
- Myr: bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, engmarihand, engstorr, gulsildre, gulstorr, jåblom, loppestorr, stortviblad og svarttopp o.a.

I tillegg kjem ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet og enkelte mikrolavar, der regnskogsartar vert tillagt særleg vekt.

## **2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar**

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Lindegaard & Henriksen 2011) er brukt som støtte ved verdivurderinga.

## **2.2.5 Område med lite data eller usikker status**

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 1. Ein kan her berre vise til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårlig.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiene som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioriterast.

## **2.3 Presentasjon**

### **2.3.1 Generelt**

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på eigne faktaark i kapittel 4.2. Raudlisteartar er omtalte i kapittel 5.

### **2.3.2 Omtale av lokalitetane**

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på eigne faktaark. Ein har her følgt DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst eller fysiske inngrep som ein negativ faktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt verte eit trugsmål.

### **2.3.3 Kartavgrensing**

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto i systemet til [http://www.gislink.no/silverlightviewer\\_1\\_5/index.html?Viewer=Gislink](http://www.gislink.no/silverlightviewer_1_5/index.html?Viewer=Gislink). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omrentlege og orienterande, særleg dei større lokalitetane i skog. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.

# **3 Naturgrunnlaget**

## **3.1 Naturgeografi og klima**

Giske kommune har eit landareal inkl. ferskvatn på 40 km<sup>2</sup>. 2 km<sup>2</sup> ligg høgare enn 300 m o.h., medan 31 km<sup>2</sup> ligg under 60 m o.h., i gjennomsnitt 70 m o.h. Arealet av ferskvatn er 1 km<sup>2</sup>, fordelt på 34 vatn. For skog er det gitt opp totalt 72 km<sup>2</sup>, og mykje av dette er furuskog. Kring 1 km<sup>2</sup> er registrert som myr, og det meste av dette er låglandsmyr (kystnedbørsmyr) som ein i dag berre finn fragment av på Giske og Vigra (kjelde for arealopplysningar: Statistisk Sentralbyrå).

Topografien i Giske vekslar mykje. Typisk er eit kupert kystlandskap med mange øyar, holmar og skjær. Spesielt for Giske, og sjeldan på Sunnmøre, er likevel dei store strandflatene på Giske og Vigra, medan Storhornet på Godøya (497 m o.h.) har meir til felles med topografien på både Nordøyane og Sørøyane.

Klimaet i Giske er eit typisk kystklima, med milde vinrar og etter måten kjølige somrar. Dei store topografiske skilnadene innan kommunen påverkar lokalklimaet mykje. Naturgeografisk ligg Giske kommune i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3 – O2), dels temperert underseksjon (O3t), og i boreonemoral (BN) til sørboreal (SB) vegetasjonssone (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for denne delen av Vestlandet.


## 3.2 Berggrunn og lausmassar

Mestedelen av berggrunnen er gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittisk gneis). Dette har mykje å seie for plantelivet. Rikare bergartar med artsrik flora er såleis sjeldsynt, men finst hist og her.

**Figur 3.1.** Berggrunnskart over Giske (<http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/Berggrunn/>). Kjedeleg og næringsfattig berggrunn i Giske generelt, då NGU digitalt opplyser at det berre er gneisar i kommunen. Dette er ikkje heilt riktig, og m.a. på Godøya og Vigra er det innslag av litt næringsrik glimmerskifer og glimmergneis, dessutan eklogitt og gabro.



**Figur 3.2.** Utsnitt av lausmassekart over Giske (<http://www.ngu.no/kart/losmasse/>). Mest interessant, og næringsrikt, er dei marine strandavsettingane markert med mørkt gråblå farge. Desse er likevel i mange tilfelle bygd ned, eller sterkt negativt kulturpåverka, med eit utarma naturmangfald.



### 3.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i dei tilgjengelege delar av Giske som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. Mykje av den tilgjengelege strandlinja og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område er bygd ned, ikkje minst i samband med den sterke folkeauken dei seinare åra. Samstundes er det planta bergfuru, buskfuru, japanlerk, korgpil, platanlønn og sitkagran, og fleire av desse er i ferd med å invadere skog og kulturlandskap. Giske er i dag ein typisk landbruks- og småindustrikommune, med ein del mekanisk industri og anna, og industrien har bandlagt ein del areal i inn- og utmark.

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konfliktar i høve til å få bygge i ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i kommunen. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheter, som seier at tap av naturmangfald skal stansast innan 2020. Giske kommune bør snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2020-målet, helst allereie i 2013 (jf. tabell 1 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2009 er også naturmangfaldlova, kor det kan utarbeidast forskrifter for utvalte naturtypar og prioriterte artar.

# 4 Naturtypar

## 4.1 Hovudnaturtypar

Giske kommune har førekomst av seks av dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

**Tabell 4.1.** Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Giske kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus. I tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<b>Myr</b> God kartleggingsstatus, og truleg er alle kystmyrene i låglandet no fanga opp.	Ta vare på det som er att av kystmyr og rike myrflekkar kommunen. Særleg viktig er det for dei store områda rundt Synesfjellet.
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b> Ikkje avgrensa som eigne lokalitetar, finst som innslag i mange av dei brattare lokalitetane (Godøya sørside, Valderøy vestside og Molnesfjellet sørside), truleg middels god kartleggingsstatus.	Kartlegge nordskrenten sør for Hageneset, som har ein raudlista hengelav (norsk nordgrense for ringstry), for å avklare om her kan vere ein naturtypelokalitet.
<b>Fjell</b> Ikkje relevant i Giske.	Ingen spesiell.
<b>Kulturlandskap</b> Både for naturbeitemark og slåttemark er det no god kartleggingsstatus.	Følgje opp og ta vare på viktige og svært viktige lokalitetar. Særleg viktige er Langhaugen ved Roald, området ved Blimshaugen (nær Blimssanden) og områda på nordsida av Rørvikvågen, som for ein stor del ligg utanfor verneområdet.
<b>Skog</b> Alle aktuelle område burde no vere fanga opp. Det er i grunnen berre området sørvest på Godøya som er aktuelt.	Ta vare på området sørvest på Godøya, som ikkje har nokon økonomisk verdi uansett.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<p><b>Ferskvatn/våtmark</b></p> <p>Generelt god kartleggingsstatus etter dei tidlegare undersøkingane.</p>	Det viktigaste området er verna (Rørvikvatnet), medan Svansvatnet, som truleg hadde mykje større verdiar, for lengst er øydelagt. Restaurering bør kunne vere aktuelt her.
<p><b>Kyst og havstrand</b></p> <p>God kartleggingsstatus etter dei tidlegare og nyare undersøkingane.</p>	Det meste av noko verdi er verna, men ein skal vere klar over våtengene på nordsida av Rørvikvågen, som dels er utanfor verneområdet og har mykje purpur marihand (VU).

## 4.2 Lokalitetar med nytt feltarbeid i 2012

Nedanfor er alle område med nytt feltarbeid eller feltobservasjonar i 20112 omtalte, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt, samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nr. for lokalitetar i Naturbase er nemnd, og avgrensingane for desse kan vere annleis no enn tidlegare.

Forkortinger: DH = Dag Holtan, PL = Perry G. Larsen

### 1532101 Giske: Buholmen/Storevika

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015273
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kyst og havstrand
<b>Naturtype:</b>	G03 Sanddyne, G04 Sand- og grusstrand, G09 Rikt strandberg (ca. 1/3 av kvar naturtype)
<b>Utforming:</b>	G0301 Artsfattig fordyne, G0401 Sandstrand med tangvollar, G0902 Vestleg og nordleg
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Overgjødsling av strandberga eller markane i nærleiken
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

#### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 21.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 2 i Holtan (2004) under namnet aust for Buholmen.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av øya Giske, på austsida av Buholmen, mellom Storevika og Straumneset. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimnergneis, resten er næringsrike, marine strandavsettingar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området har stor variasjon i naturtypar, grovt rekna med 1/3 av kvar av G03 sanddyne, G04 sand- og grusstrand og G09 rikt strandberg, høvesvis med utformingane G0301 artsfattig fordyne, G0401 sandstrand med tangvollar og G0902 vestleg og nordleg. Vegetasjonen varierer mellom rike lågurt- og engsamfunn på berge til ein meir klassisk høgstaudevegetasjon på etablerte sanddyner, m.a. med V2 fleirårig gras/urtetangvoll og V4 driftspåverka sandforstrand, dessutan V5 driftsinfluert grus/steinstrand og X1 strandberg med rik utforming (X1b).

*Artsmangfold:* På strandberga er det ein nokså kravfull flora, med artar som aurikkelsvæve, bogestorr, blåstorr, dvergjamne, fjelltistel, gjeldkarve, gulmaure, hårstorr, jáblom, kattefot, knegras, loppestorr, prestekrage, stortviblad og vill-lin. Sanddynene dominera for det meste av strandrug, og det har ikkje lukkast å verifisere eit funn av marehalm frå 2002. Tangvollane i vest er ustabile, dominert av tangmelde og så vidt med innslag av strandreddik og tiggarsoleie, med overgang til høgstaudeenger langs heile skrenten ut mot fabrikkområda. Her finn ein fuglevikke, gulskolm, hestehavre, hundegras, hundekjeks, kystbjørnekjeks, mjødurt, strandrug og mange andre vanlege artar som karakteriserer tørre til vekselfuktige høgstaudeenger.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Heile området på nordsida av Giske har vore beita av storfe over lang tid, og her beitast også i dag. Inntil lokaliteten er det fulldyrka mark. I samband med festivalen som har vore arrangert på Giske i meir enn fem år er det mykje trakk og forsøpling av området.

*Framande artar:* Svarthyll (ein busk), dessutan gjetartaske, rynkerose og skvallerkål.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det vil vere ein føremon for den konkurransesettete lågurt- og engvegetasjonen om beitinga heldast på dagens nivå. Framande artar bør fjernast.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein liten, men viktig del av dei artsrike engsamfunna ein finn mange stader på strandområda i Giske.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har stor variasjon i naturtypar og utformingar, har artsrike engsamfunn og innslag av raudlista naturtypar.



**Figur 4.1.** Frå området rundt Buholmen og Storevika.

## 1532102 Giske: Giske utmark

Nummer i Naturbase:	BN00015275
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A08 Kystmyr
Utfoming:	A0802 Atlantisk høgmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Alle typar inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	21.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 21.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 4 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag midt på øya Giske. Marine avsettingar som etter kvart vart torvdekte er grunnlaget for ein heller fattig vegetasjon. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til A08 kystmyr, og er eigentleg ei rein nedbørsmyr med tendensar til utforminga A0802 atlantisk høgmyr. Vegetasjonen høyrer til blandinga av fattig tuemyr (K2b røsslyng-kystheiutforming) og fattig fastmattemyr (K3a klokkeling-romeutforming). Dessutan er her eit tjern midt på myra, med flytebladvegetasjon (truleg P2c vanleg tjønnaksutforming).

*Artsmangfald:* Av karplanter er det berre vanlege artar, t.d. bjønnskjegg, blokkebær, blåtopp, duskull, englondnegras, flekkmariahend, heisiv, klokkeling, kreling, kvitlyng, myrhatt, røsslyng, skrubbær og torvull. I vasskanten og i tjerna veks også m.a. bukkeblad, myrhatt, slåttestorr, sverdlilje og vanleg tjørnaks.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Tidlegare har det flekkvis vore torvtekt, men det er lenge sidan det vart slutt på denne drifta. I dag er lokaliteten i attgroing, m.a. med einer og bjørk.

*Framande artar:* Sitkagran er i etablering på tuer.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att, og framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag ein isolert rest i eit landskap sterkt prega av utbygging til bustadføremål og fulldyrka mark.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi kystmyr er raudlista som sårbar (VU).



**Figur 4.2.** Frå myra midt på Giske, med tjern, sverdlilje og flytebladvegetasjon. Ein kan vel også ane at myra ser ut til å vere høgast på midten, slik at ein har tendensar til atlantisk høgmyr.

## **1532103      Giske: Sandvika**

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015282
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kyst og havstrand
<b>Naturtype:</b>	G03 Sanddyne
<b>Utforming:</b>	G0302 Store og flate flygesandområde
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Utbrygging, slitasje
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 21.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 5 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av vegen/brua over Staursundet. Næringsrike, marine strandavsettingar gir grunnlag for ein interessant vegetasjon. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til G03 sanddyne, med utforminga G0302 store og flate flygesandområde (sjølv om her ikkje er så stort areal i dag). Vegetasjonen heller mot V6 fordyne (V6b strandrugutforming) og V7 primærdyne med marehalmutforming (V7a).

*Artsmangfald:* Av karplanter er førekommstane av marehalm, sandstorr og strandkveke det mest interessante, då dette er viktige element i den sørlege utforminga for sanddyner og alle tre har nordgrensa si i Møre og Romsdal. Det kan vidare ikkje heilt utelukkast at her kan finnast sjeldne soppar bundne til sanddynemark.

*Bruk, tilstand og påverknad:* I bakkant er det grasproduksjon, truleg med ei viss avrenning av næringssaltar, medan forstranda er mykje påverka av slitasje frå badegjestar. Sidan marehalm no er i framgang er det ikkje sikkert dette er så gale.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og slitasjen grunna mange badegjestar bør overvakast, og utviklinga for marehalm bør kartleggast om lag kvar 5. år.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei mange sanddyneområda i Giske og på Sunnmøre.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi sanddynemark er raudlista som sårbar (VU). Det er eit spørsmål om ein ikkje også har innslag av sørleg, etablert sanddynemark (EN), og i alle fall er dette den nordlegaste lokaliteten nasjonalt som har att litt areal av sistnemnde med marehalm. Arealet vurderast likevel som såpass lite at verdi A synest for høg førebels.



**Figur 4.3.** Marehalm i Sandvika sør for brua over Staursundet. Arten har nyleg spreidd seg over vegen, og veks også på skrotemarka på nordsida, kor sanddyner no er i etablering. Dette må seiast å vere ei positiv utvikling.

## 1532104 Giske: Staursundet nord

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kyst og havstrand
Naturtype:	G04 Sand- og grusstrand
Utforming:	G0401 Sandstrand med tangvollar
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Utbygging, avrenning av gjødsel frå fulldyrka mark i bakkant
Undersøkt/kjelder:	21.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 21.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av vegen/brua over Staursundet. Næringsrike, marine strandavsettingar gir grunnlag for ein interessant vegetasjon. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til G04 sand- og grusstrand, med utforminga G0401 sandstrand med tangvollar. Vegetasjonen høyrer truleg til blandinga mellom V2 fleirårig gras/urtetangvoll og V4 driftspåverka sandforstrand, kan hende òg V5 driftsinfluert grus/steinstrand.

*Artsmangfold:* Av karplanter utanom tangmelde, som dekker det meste av stranda, er det dominans av høge urter og gras, som balderbrå, burot, fuglevikke, gåsemure, hundegras, hundekjeks, kveke, krypkvein, raudsvingel, ryllik og tiggarsoleie.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dei siste om lag 20 åra har vegetasjonen vore stabil, med store tangmeldevollar og etablert vegetasjon på tørt land med store grasartar og urter. Før bruva kom var truleg naturtypen meir dynamisk, med flygesandfelt slik som sør for bruva.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig og interessant del av områda som har fleirårig gras/urtetangvoll i kommunen, og etter verneområdet i Makkevika er dette den nest største i areal.

*Grunngeiving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den har eit bra areal med velutvikla og intakt sand- og grusstrand.



**Figur 4.4.** Homogen og stabil bestand av tangmelle på gammal tangvoll nord for bruva over Staursundet på Giske.

## **1532105 Giske: Staursundet skrotemark**

<b>Nummer i Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D15 Skrotemark
<b>Utfoming:</b>	D1506 Vegutfylling
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Utbygging
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 21.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av vegen/brua over Staursundet, og ligg på fyllmassane som vart dumpa her i samband med bygging av brua mot slutten av 1980-talet. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D15 skrotemark, med utforminga D1506 vegutfylling. Vegetasjonen har for det meste tørkeutsett lågurtmark, men ein skal vere merksam på at ei truga utforming av sandstrand som flygesandområde er i etablering langs autovernet.

*Artsmangfold:* Mest interessant av planter er at den tidlegare raudlistearten bittersøte har etablert seg i løpet av dei siste fem åra, og no er talrik, pluss at marehalm også har etablert seg lengs autovernet. Elles finn ein t.d. artar som blåklokke, ein kalkrevande art som blåstorr (i kantsoner i vest), fuglevikke, mørkkongslys (sjeldan ute på kysten) raudsvingel, rundbelg, småengkall, strandrug, strandsmelle og tiriltunge. Av desse er rundbelg og tiriltunge førebels dei mest dominante.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Etter at fyllinga var etablert mot slutten av 1980-talet var lokaliteten lenge ein steinørken. Etter som vinden fyller på sand frå nærliggande område år for år, har det etterkvar etablert seg mosar og eit skrint dekke av lågurter.

*Framande artar:* Sitkagran er i etablering langs kantane av fyllinga mot nordaust, medan åkertistel har ein stor bestand i skråninga ned mot sandstranda i nordvest.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om den kan få utvikle seg vidare på ein dynamisk måte, ikkje minst da det har ei viss interesse å studere etablering av vegetasjon på fyllingar i eit langt perspektiv.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer for så vidt ein isolert og uvanleg del av naturen i Giske.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er artsrik, flekkvis kalkrik, har sanddyner under etablering og har stor interesse som studiefelt for etablering av artar, artssamfunn og natur- og vegetasjonstypar.



**Figur 4.5.** Frå skrotemarka ved Staursundet, med strandrug (og mærehalm til høgre langs autovernet).



**Figur 4.6.** Bittersøte (den høge, smale planta), rundbelg og tiriltunge i skrotemarka ved Staursundet.

## 1532106 Godøy: Alnes

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015280
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.07.2012, DH & PL
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige felterbeid 27.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 7 i Holtan (2004), og vart også kartlagt av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal fleire gonger på 1990-talet.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved tettstaden Alnes på Godøya. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimmergneis i tillegg til meir næringsfattige, ikkje inndelte gneisar, dessutan litt gabbro i aust. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0404 frisk fattigeng, med mindre innslag av D0401 fuktig fattigeng og dels D0411 vekselfuktig, baserik eng. Vegetasjonen er framleis engprega, men utviklar seg gradvis mot høgstaudeenger og krattskog.

*Artsmangfold:* Eng- og naturengplanter er slike som blåklokke, blåknapp, blåkoll, dvergjamne, engfrytle, finnskjegg, fjellmarikåpe, geitsvingel, gulaks, heisiv, heistorr, jáblom, knegras, kornstorr, kusymre, kystmyrklegg, loppestorr, raudsvingel, røsslyng, smalkjempe, småengkall, tepperot og tiriltunge. Meir interessant er fungaen (soppfloraen), og av raudlista artar bundne til beite- eller slåttemark kan nemnast dynejordtunge (NT), raudskivesoppen *Entoloma velenovskyi* (VU), flammevokssopp (VU), glasblå raudskivesopp (VU), grynkollsliresopp (EN), grå narremusserong (EN), lutvokssopp (NT), musserongvokssopp (NT), raudskivevokssopp (NT), raud honningvokssopp (VU), skifervokssopp (NT), vrangjordtunge (VU) og vridd køllesopp (VU). I 2012 vart det i tillegg funne semska raudskivesopp (NT). Av mosar nemnast berre nokre få artar: kysttvibladmose, pelssåtemose og saltblomstermose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dei seinare åra har beitetrykket minka mykje, og særleg i aust har det etter kvart vorte framvekst av grov einer, og lauvkjerr med bjørk og rogn.

*Framande artar:* Både buskfuru og sitkagran ser no ut til å spreie seg i delar av lokaliteten, kan hende òg platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att og aukast mykje i høve til dagens nivå. Særleg gjeld dette i den austre halvdelen av lokaliteten, medan stoda i vest er noko betre. Framande treslag må fjernast, og det ville vere ein stor føremon om ein raskt kunne få på plass ein skjøtselsplan.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og heilt uerstatteleg del av naturbeitemarkene i Giske, og utgjer i ein vidare forstand ei av dei viktigaste naturbeitemarkene på ytterkysten av Møre og Romsdal.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi kulturmarkseng er ein sårbart naturtype, og ikkje minst grunna dei mange sårbare og truga raudlisteartane.



**Figur 4.7.** Frå vestre del av naturbeitemarkene ved Alnes, som no meir og meir pregast av hei.

### 1532107 Godøy: Alnes sørvest

Nummer i Naturbase:	BN00067553
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nord vendte kystberg og blokkmark
Utfoming:	B0401 Lavrik utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	27.07.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

#### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 27.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Første kartlegginga var i februar 2009.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg rett sørvest for tettstaden Alnes på Godøya, i dei nord vendte fjellskråningane her. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimmergneis i tillegg til meir næringsfattige, ikkje inndelte gneisar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral til sør boreal vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til B04 nord vendte kystberg og blokkmarka, i hovudsak med B0401 lavrik utforming, dels også med B0402 sørleg, oseanisk utforming. Vegetasjonen høyrer til bergsprekk og bergveggvegetasjon, kor både F2b basefattig og F2c baserik utforming inngår.

*Artsmangfold:* Av karplanter kan nemnast gulsildre, kusymre, loppestorr og raudsildre, mens det av mosar m.a. vart påvist oseaniske artar som dronningmose, gullhårmose, kystband, kystjamnemose, kysttvibladmose, pelssåtemose, raudmuslingmose og mange andre. Mest interessant er likevel funnet

av gullprikklav (VU), som er funnen spreidd i bergveggar på ytterkysten av Sunnmøre. Lungeneversamfunnet elles finst litt spreidd, m.a. med lungenever, skrubbenever og sølvnever.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Bergveggane har vel fått ligge i fred i uminnelege tider, og heller ikkje bufe ser ut til å greie å kome til, i alle fall ikkje over bergrøta.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei mange nordvendte og artsrike kystberga i Giske og distriktet elles.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) grunna funnet av gullprikklav, som er ein sårbar art (VU).

## 1532108 Godøya: Kannset

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015278
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	B01 Sørvest Berg og rasmark
<b>Utforming:</b>	B0101 Kalkrik og/eller sørvest Bergvegg
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.08.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 29.08.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 9 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sørvest på Godøya, og gjeld vestre halvdelen av øya ut mot Lesten. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimmergneis i tillegg til meir næringsfattige, ikkje inndelte gneisar, dessutan ein del gabbro oppe i fjellsida i aust. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til B01 sørvest Berg og rasmark, med utforminga B0101 kalkrik og/eller sørvest Bergvegg. Vegetasjonen høyrer til rasmark- Berg- og kantvegetasjon, men er ikkje råd å plassere i ei bestemt utforming etter Fremstad (1997). Vidare er her små innslag av hasselkratt, inkl. minst 40 almetre (NT) under bergrøta der det er litt jordsmonn.

*Artsmangfold:* Av karplanter kan nemnast breiflangre, brudespore, fingerstorr, filtkongslys (sjeldan på ytterkysten), gulsildre, hestehavre, jordnøtt, jáblom, knollerteknapp, knortestorr på strandberga, kristtorn, kusymre, lundgrønak, nattfiol, rundskolm, småsmelle, svartereknapp og vårmarihand. Mørebjørnebær, som her har sin einaste kjende veksestad nasjonalt vektleggast lite, då den vart flytta ut hit frå ein hage i nærliken ein gong på 1980-talet. Mest interessante lavartar er kystblåfiltlav (VU) og olivenfiltlav (NT), som begge veks på bergveggar i samband med hasselkratt, medan andre artar i lungeneversamfunnet som blyhinnelav, grynfiltlav, lungenever, kystvrenge og vanleg blåfiltlav veks både på berg, hassel og osp. Dronningmose og kveilmose er to middels gode signalartar mellom mosane. I hasselkratt veks også den tidlegare raudlistearten børsteseigsopp og ein del andre soppar bundne til rike hasselkratt. Her er også levestad for oter (VU) og vandrefalk.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er no meir enn 50 år sidan her var beita av geiter, men det var så skritt at det knapt var vits. Utviklinga går slik sett heilt uforstyrra.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei solrike og artsrike rasmarkene på ytterkysten av Sunnmøre, som det ikkje er mange av.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er artsrik og variert, m.a. med oppslag av hasselkratt og ospeholt, og har ein sårbar raudlisteart som kystblåfiltlav (VU).



Figur 4.8. Frå rasmarkene sørvest på Godøya.

### 1532109 Godøya: Lestabukta

Nummer i Naturbase:	BN00015279
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utfoming:	B0402 Sørleg, oseanisk utfoming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	27.07.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

#### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skriven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 27.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 10 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørvestsida av Godøya og vidare i bratthenga nordaustover mot Alnes. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimergneis i tillegg til meir næringsfattige, ikkje inndelte gneisar, med mindre kroppar av eklogitt og gabro. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral til sørboreal vegetasjonsekjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til B04 nordvendte kystberg og blokkmark, med B0402 sørleg, oseanisk utfoming. På utilgjengelege hyller oppe i berget er det oppslag av sterkt oseanisk kystbjørkeskog med rogn og osp. Vegetasjonen høyrer for det meste til bergsprekk og bergveggvegetasjon, kor både F1a havburkneutfoming, F2b basefattig og F2c baserik utfoming inngår.

*Artsmangfold:* Lokaliteten er artsrik, og av karplanter bundne til baserike sig eller oseaniske artar kan nemnast bergfrue, blåstorr, brudespore, dvergjamne, engstorr, fagerperikum, fjellsmelle, fjellsyre, fjelltistel, gulsildre, hårstorr, jáblom, loppestorr, kusymre, raudsildre, svartstorr, svarttopp, vill-lin og

vårmarihand. Svartstorr er svært sparsam på ytterkysten av Møre og Romsdal, og har her ein utpostlokalitet av ei viss plantogeografisk interesse. I høgstautesamfunna i friske til vekselfuktige parti under berghola veks dessutan artar som broddtelg, englodnegras, fuglevikke, hestehavre, mjødurt, skogburkne, skogvikke, storfrytle, sumpfaukeskjegg, turt (sjeldan) og vendelrot. Havburkne (NT) veks eit par stader under overhengande berg nært sjøen heilt i sørvest. Av mosar kan nemnast filtsåtemose, gullhårmose, kystsibladmose, pelssåtemose og mange andre (jf. Artobervasjonar på internett).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Bergveggane har vel fått ligge i fred i uminnelege tider, og heller ikkje bufe ser ut til å greie å kome til, i alle fall ikkje over berghola, medan dei nedre delane framleis er litt beita av sau. Attgroinga med einer og lauvkjerr er no i gong også under berghola.

*Framande artar:* Buskfuru og sitkagran er no under etablering.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast, og beitinga bør aukast dersom området ikkje skal gro heilt att med skog.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei mange nordvendte og artsrike kystberga i Giske og distriktet elles.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er stor, intakt, variert, artsrik og godt utforma, kor også førekomensten av havburkne vektleggast noko.



**Figur 4.9.** Havburkna (NT) innanfor Lestaskjeret er det tredje nordlegaste funnet i Norge.

## 1532110 Godøya: Lesten

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015277
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D07 Kystlynghei
<b>Utfoming:</b>	D0705 Kystfjellhei
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.08.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige felter arbeid 18.08.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 11 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg oppe på Godøyfjellet, og er ei gryteforma fjellhei. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimmergneis i tillegg til meir næringsfattige, ikkje inndelte gneisar, med mindre kroppar av eklogitt og gabbro. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D07 kystlynghei, med utfominga D0705 kystfjellhei. Vegetasjonen er svært variert, med i alle fall typane H1a røsslyngutforming, H1c røsslyng-slåttestorr-torvullutforming og H1e heigråmoseutfoming, dessutan tørr gras- og urterik hei med H2a fattig utforming på solsidene. Innanfor H3 fukthei finn ein til sist H3c klokkeling-romebjønnskjeggutforming og truleg fleire.

*Artsmangfald:* Typiske artar i lyngheia, utanom røsslyng, er bjønnkam, bjønnskjegg, heisiv og heistorr. I intermediaire myrsig finn ein også bjønnbrodd, dvergjamne, kornstorr, loppestorr, myrsaulauk og svarttopp.

*Brak, tilstand og påverknad:* Området er sterkt prega av tidlegare beite, men etter at det vart slutt på setringa er heile området no i attgroing med einerkratt og buskas.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremoen for vegetasjonen om beitinga takast opp att.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av alle dei kystfjellheiene ein finn på platået av mange av øyane ute på Sunnmørskysten.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er nokså stor, med stor variasjon i vegetasjonstypar, og dessutan er kystlynghei ein truga naturtype (EN).

## 1532111 Godøya: Sandvika

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015276
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kyst og havstrand
<b>Naturtype:</b>	G03 Sanddyne, G04 Sand- og grusstrand
<b>Utfoming:</b>	G0301 Artsfattig fordyne, G0402 Overgang til sump og strandeng osb.
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.07.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige felter arbeid 22.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 12 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg rett på vestsida av Alnes fyr, og er bygd opp av næringsrike, marine strandavsettingar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til G03 sanddyne, med utforminga G0301 artsfattig fordyne, og G04 sand- og grusstrand med utforminga «overgang til sump og strandeng osb.». Vegetasjonen er samla sett svært variert, med salin og brakk forstrand av U3d strandstjerne/strandkjempe/strandkryptutforming, U3e saulaukutforming, øvre salteng med U5a saltsivutforming, U5b raudsvingelutforming og U5c raudsvingel-fjørekoll-tiriltungeutforming, dessutan sumpstrand med U9a mjødurtutforming, så vidt eittårig meldetangvoll med V1c tangmeldeutforming, V2a fleirårig gras/urtetangvoll med fleire utformingar, V5 driftsinfluert grue/steinstrand med V5a strandkvannutforming og V7 primærdyne med V7b strandrugutforming, til sist også W etablert sanddynevegetasjon.

*Artsmangfald:* Dei etablerte sanddynene sør i lokaliteten er artsfattig, med dominans av strandrug og kystbjørnekjeks, så vidt også med innslag av sørlege sandbindarar som strandkveke og sandstorr, medan bogestorr veks i bergsprekkar heilt sør på stranda. Strandskolm vart funnen i 2009, og strandkål har vakse her i minst 40-50 år. Andre artar er balderbrå, bekkeblom, fjøresaulauk, gulskolm, hestehavre, jordrøyk, klengjemaure, mjødurt, raudtvitann, stolpestorr, stornesle, strandarve, strandkjeks, strandkjempe, strandkryp, strandkvann, strandnellik, tangmelde og åkerdylle, med gulsildre og fåblom i fuktsig i sør.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det har vore teke ut noko sand ei tid, men det ser ut til at det er meir eller mindre slutt på dette nå. Elles er stranda noko driftspåverka.

*Framande artar:* Rynkerose og raigras.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Rynkerose bør fjernast.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig og representativ del av dei mange godt utvikla strandengene i Giske kommune og elles på Sunnmøre.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er nokså stor, velutvikla og svært variert, med fleire interessante eller regionalt sjeldne artar.



**Figur 4.10.** Strandkålet ved Alnes har auka sterkt frå 2003 til 2013, frå 3-4 til minst 40 planter.



**Figur 4.11.** Strandkvann i grusstranda/sumpen vest for Alnes fyr.

## 1532112 Valderøya: Skjonghellaren

Nummer i Naturbase:	BN00015272
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B01 Sørvendt berg og rasmark
Utfoming:	B0101 Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 20.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 13 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i dei bratte bergveggane på vestsida av Valderøya, for det meste nord for fotballbana. Berggrunnen består av ikkje inndelte, næringsfattige gneisar, men har også kalkutfellingar som gir grunnlag for ein kravfull flora. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til B01 sørvendt berg og rasmark, med utfominga B0101 kalkrik og/eller sørvendt bergvegg. I tillegg er det spreidde oppslag av glisne og dels rike hasselkratt. Vegetasjonen i bergveggane høyrer til F2 bergsprek og bergvegg, dels ei baserik utfoming, medan ein i hasselkratta ofte ser ein del rik lågurtvegetasjon. Hasselkratta er ikkje så gamle, men i spreiing, og har også innslag av andre rikborkstre som ask (NT), osp og rogn osb.

*Artsmangfold:* Av karplanter assosiert med rike hasselkratt eller rike bergveggar kan nemnast blankburkne, bergosal, hengjeaks, knollerteknapp, krossved, kusymre, lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, murburkne, skogfiol og svarteknapp. Tidlegare er her også funne ein annan kravfull

art som junkerbregne. Også øygardsmose (NT) er funnen, men så langt tilbake som i 1907. Lungeneversamfunnet ser ikkje ut til å vere godt utvikla, først og fremst med vanlege artar som kystvrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Hekkeplass for vandrefalk, av og til også dvergfalk. Dei mest artsrike delområda ligg kring Skjonghellaren.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Bergveggane og bergrota er såpass utilgjengelege at dei stort sett har fått vore i fred, men tidlegare har det nok vorte beita der det er råd å kome til. Dessverre har Giske kommune etter siste kartlegging i 2003 gitt løyve til å spreng ut delar av bergrota i samband med utviding av idrettsplassen i sør.

*Framande artar:* På flatene ned mot turvegen veks både buskfuru, platanlønn og sitkagran.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for lågurtvegetasjonen under bergrota om beitinga takast opp att, og framande bartre bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig og artsrik del av dei soleksponerte bergveggane ute på Sunnmørskysten. Skjonghellaren er dessutan ein av fleire hellarar på Sunnmøre med spor etter busetnad om lag 30 000 år tilbake.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er stor, godt utforma, artsrik og med eit par raudlisteartar i lågare kategori.



**Figur 4.12.** Skjonghellaren med bergveggane og rasmarkene på vestsida av Valderøya.

## 1532113 Vigra: Blimshaugen

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015263
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	B0407 Frisk/tørr, middels baserik eng, D0410 Vekselfuktig baserik eng, D0411 Våtfuktig, middels næringsrik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Opphør av beite
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2012, DH & PL
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 26.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 15 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg rett aust for badestranda Blimssanden eit stykke vest for Rørvikvågen på Vigra, og er bygd opp av næringsrike, marine avsettingar (mykje skjelsand) som i og for seg dels utgjer etablerte og artsrike dyner. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D04 naturbeitemark, med utformingane B0407 frisk/tørr, middels baserik eng, D0410 vekselfuktig baserik eng og D0411 våtfuktig, middels næringsrik eng, sporadisk også G09 kalkrike strandberg med utforma G0902 vestleg og nordleg. Vegetasjonen er dels engprega, m.a. med typane G7 (frisk/tørr, middels baserik eng), G11 (vekselfuktig baserik eng, som er blåstorr-engstorreng) og G12 (våtfuktig, middels næringsrik eng).

*Artsmangfald:* Lokaliteten er svært artsrik, med naturengplanter osb. som bittersøte, blåstorr, brudespore, bråtestorr, dvergjamne, engfrytle, engstorr, finnskjegg, fjellistel (sjeldan på ytterkysten sørpå), geitsvingel, gjeldkarve, gulmaure, harerug, hårstorr, hårsvæve, jordnøtt, jáblom, kattefot, kystbjørnekjeks, loppestorr, lækjeveronika, kusymre, marinøkkel, prestekrage, raudknapp, rundskolm, småengkall, stortviblad, strandrug, svarttopp, tepperot, tusenfryd, vill-lauk og vill-lin. Mange av desse er kalkrevande artar. Mot veggen og nausta i det austre delområdet veks dessutan den freda orkidéen purpurmarihand (VU, ca. 30 stenglar i 2012 mot opp mot 100 i 2003) i våteng, saman med meir vanlegare artar som bekkeblom, bukkeblad, dikesvineblom, enghumleblom, hanekam, mannasøtgras, myrhatt, myrsaulauk, skogsiv og sumphaukeskjegg. Beitemarkssoppene er sørgeleg dårlig kartlagde, men i alle fall er raudlisteartane brun engvokssopp (VU) og lillagrå raudskivesopp funne, dessutan raudskivesoppen *Entoloma queletii* (NT), og truleg finst her mange, mange fleire. Noterte mosar var bleiktujamose, kopparvrangmose og sandsilkmose o.a.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten har vore beita kontinuerleg over lang tid, med litt varierande beitetrykk dei seinare åra, men er tydeleg noko betre beita i dag enn for 10 år sidan. Dei berglendte delområda midt i lokaliteten har likevel noko attgroingspreg, mellom anna med spreidde oppslag av lyngmark.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga haldast minst på dagens nivå, og ein bør rydde vakk oppslag av kratt. Skjøtselsplan bør utarbeidast.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei intakte naturbeitemarkene i Giske og på ytterkysten i Møre og Romsdal.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er intakt, svært artsrik og variert, med fleire raudlistearter i høgare kategori. Naturtypen er dessutan raudlista som sårbar.



**Figur 4.13.** Frå beitemarka på Blimshaugen, med mykje av den kravfulle orkidéen brudespore.



**Figur 4.14.** Frå beitemarka på Blimshaugen, her med meir lyngpreg rundt knausane midt i lokaliteten.

## 1532114 Vigra: Blimssanden

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015264
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kyst og havstrand
<b>Naturtype:</b>	G03 Sanddyne, G04 Sand- og grusstrand
<b>Utforming:</b>	G0302 Store og flate flygesandområde, G0401 Sandstrand med tangvollar
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Forbygging mot stranda, forsøpling
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2012, DH & PL
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 26.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 15 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved badestranda Blimssanden eit stykke vest for Rørvikvågen på Vigra, og er bygd opp av næringsrike, marine avsettingar (mykje skjelsand) som i og for seg dels utgjer etablerte og artsrike dyner. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til G03 sanddyne og G04 sand- og grusstrand, med utformingane G0302 store og flate flygesandområde og G0401 sandstrand med tangvollar, sjølv om utformingane nok kan diskuterast. Vegetasjonen høyrer til ustabil drift- og sandstrandvegetasjon (V), mellom ana med V6 (fordyne), V7 (primærdfyne) og etablert dynevegetasjon (W), utan at utformingane er undersøkt i detalj.

*Artsmangfald:* Mest interessant av karplantene var funn av smånesle (VU), ein eittårig art som ikkje er observert i Giske på meir enn 50 år. Andre interessante artar er dei sørlege sandbindarane sandstorr og strandkveke (har auka mykje sidan 2003), med blåstorr, bogestorr, brudespore, gjeldkarve, gulmaure, kjeldegras (NT) og stortviblad på små, rike strandberg og ferskvasspåverka område i aust. Takrøy veks talrikt langs bekkesiget her. Elles meir vanlege artar som balderbrå, fuglevikke, gåsemure, jordrøyk, klengjemaure, raudtvitann, stornesle, strandarve, strandreddik, strandrug, tangmelde, tiggarsoleie, vassarve og åkersvineblom.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Sørenden av stranda har vore forbygd med stein, betongplater og trålnøter () i fleire år, men orkanen «Dagmar» første juledag i 2011 kasta alt dette opp att på land. Lokaliteten er også noko påverka av avrenning frå beite på innsida av sanddynene. Det meste av området er likevel i ei dynamisk utvikling.

*Framande artar:* Gjetartaske, linbendel, skvallerkål og åkertistel.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fleire fysiske inngrep, slik at den dynamiske utviklinga kan halde fram med naturlege forstyrringar. Best ville det vore om ein kunne kome til einighet med grunneigarane om å flytte forbygginga mot havet eit stykke inn på land, slik at denne ikkje får gå heilt ned i flomålet. Eittårlige planter som smånesle (VU) ser ut til å vere avhengig av ein naturleg dynamikk for å trivast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av strandområda med flygesandfelt i Giske og på Sunnmøre.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den i hovudsak er intakt og dynamisk, artsrik og med innslag av ein sjeldan raudlisteart i høgare kategori. Det vektleggast vidare sterkt at sanddynemark og sørleg, etablert sanddynemark er raudlista som truga naturtypar.



**Figur 4.15.** Smånesle (VU) frå Blimssanden i 2012. Dette er første funn i Møre og Romsdal dei siste 50 åra.



**Figur 4.16.** Frå sørenden av Blimssanden, kor ein ser forbygginga som ikkje er heldig for den naturlege dynamikken på ei sandstrand. Smånesle (VU) til høgre i bildet.

## **1532115 Vigra: Blindheim**

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015268
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr og Kjelde
<b>Naturtype:</b>	A08 Kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0804 Blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.08.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 29.08.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nr. 17 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av vegen ved Blindheim på Vigra, og har opphavleg næringsrike, marine avsettingar som i dag er torvdekte. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til A08 kystmyr, og sjølv om utforminga nok kan diskuterast er den førebels ført til A0804 blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr, men helst er det nedbørsmyr alt i hop. Vegetasjonen høyrer til ombrotrof myrvegetasjon, dels med J2 ombrotrof tuemyr og J3 ombrerotrof fastmattemyr, dessutan K1 sog-/krattdekt fattigmyr og K2 fattig tuemyr, men det understrekast at vegetasjonstypane er ikkje godt nok undersøkte.

*Artsmangfold:* Her er det bare vanlege planter, slike som bjønnskjegg, blokkebær, blåtopp, duskull, flaskestorr, gråstorr, klokelyng, krekling, kvitmyrak, molte, rome, rundsoldogg, røsslyng, skogstjerne, slåttestorr, stjernestorr, sveltstorr og takrøyr, med bukkeblad, myrhatt og kystmyrklegg inntil våtare parti rundt dammane på myra.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Spor etter torvstikking ser ein fleire stader, og mogleg har her også vore beita tidlegare. I dag gror lokaliteten langsamt att med buskas og kratt

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremón for vegetasjonen om kratt fjernast og at her kan beitast litt.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer for så vidt ein isolert rest av intakte kystmyrer i låglandet, som det er svært få att av ikkje berre i Giske, men på heile Sunnmørskysten.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er intakt pluss at naturtypen reknast som sårbar (VU).



Figur 4.17. Frå kystmyra ved Blindheim på Vigra.

## 1532116 Vigra: Blindheimsnausta

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utfoming:	D0412 Våt/fuktig, middels næringsrik eng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Opphøyr av beite
Undersøkt/kjelder:	26.07.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 26.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje undersøkt før.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Blindheimsnausta, mellom badestranda Blimssanden og fredingsområdet i Rørvikvågen, og ligg på næringsrike, marine strandavsettingar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0412 våt/fuktig, middels næringsrik eng. Vegetasjonen høyrer truleg til blandinga mellom G11 (vekselfuktig baserik eng, som er blåstorr-engstorreng) og G12 (våt/fuktig, middels næringsrik eng).

*Artsmangfold:* Fukt- og sumpartar var bekkeblom, bukkeblad, dikesvineblom, flekkmarihand, grøftesoleie, hanekam, heifrytle, kvitbladtistel, lyssiv, myrhatt, myrmjølke, myrsaulauk, englodnegras, ryllsiv, smårøyrkvein og stolpestorr. Potensielt bør her også kunne finnast purpurmarihand (VU), som veks fleire stader i liknande miljø i nærliken. Mellom registrerte mosar kan nemnast kysttornemose, myrfiltmose, sumpbroddmose og teppekjeldemose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dei seinare åra har området grodd noko att, med spreidde oppslag av bjørk, rogn og øyrevier. Beitinga er tydelegvis teken opp att, slik at attgroinga ser ut til å ha bremsa opp og kan hende til og med reversert.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga haldast på eit slikt nivå at her ikkje gror att.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei intakte naturbeitemarkene i Giske og på ytterkysten i Møre og Romsdal.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at kulturmarkseng er ein truga naturtype.



Figur 4.18. Perry Larsen samlar mosar og noterer.

## 1532117 Vigra: Blindheimsnausta aust

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0412 Våt/fuktig, middels næringsrik eng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Opphøyr av beite
Undersøkt/kjelder:	26.07.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 26.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje undersøkt før.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg aust for Blindheimsnausta, mellom badestranda Blimssanden og fredingsområdet i Rørvikvågen, og ligg på næringsrike, marine strandavsettingar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0412 våtfuktig, middels næringsrik eng. Vegetasjonen høyrer truleg til blandinga mellom G11 (vekselfuktig baserik eng, som er blåstorr-engstorreng) og G12 (våtfuktig, middels næringsrik eng).

*Artsmangfald:* Av karplanter vart det mest interessante funnet purpurmarihand (VU), som er ein sjeldan og freida orkidé. Andre fukt- og sumpartar var bukkeblad, dikesvineblom, flekkmarihand, grøftesoleie, hanekam, heifrytle, kvitbladtistel, lyssiv, myrhatt, myrmjølke, myrsaulauk, englodnegras, ryllsiv, smårøyrkvein, stolpestorr og sumphaukeskjegg. I friske til vekselfuktige parti kjem i tillegg engstorr, gjeldkarve, jordnøtt, kornstorr, kusymre, stortviblad og tusenfryd. Mellom registrerte mosar kan nemnast kysttornemose, myrfiltmose, sumpbroddmose og teppekjeldemose, med matteblærremose og ryemose o.a. på tørrberga.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dei seinare åra har området grodd noko att, med spreidde oppslag av bjørk, rogn og øyrevier. Beitinga er tydelegvis teken opp att, slik at attgroinga ser ut til å ha bremsa opp og kan hende til og med reversert.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga haldast på eit slikt nivå at her ikkje gror att.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei intakte naturbeitemarkene i Giske og på ytterkysten i Møre og Romsdal.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) både på grunn av funnet av purpurmarihand pluss at kulturmarkseng er ein truga naturtype.



**Figur 4.19.** Frå området aust for Blindheimsnausta, med næringsrik, dels beita våteng. Dei lyseraud blomane er hanekam, medan dei gule er sumphaukeskjegg.



**Figur 4.20.** Purpurmarihand (VU) aust for *Blindheimsnausta*.

## 1532118 Vigra: Hageneset

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015262
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kyst og havstrand
<b>Naturtype:</b>	G05 Strandeng og strandsump
<b>Utfoming:</b>	G0501 Stort strandengkompleks
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2012, DH & PL
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 26.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 19 i Holtan (2004). Arealet er redusert, verdien sett ned og naturtypen endra etter kartlegginga som låg til grunn for denne rapporten.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for fredingsområdet i Rørvikvågen på Vigra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, men her er òg ein del næringsrike, marine strandavsettinga og skjelsand som er blåst opp på små strandberg. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til G05 strandeng og strandsump, med utfominga G0501 stort strandengkompleks. Av vegetasjonstypar finn ein i alle fall U3 salin og brakk forstrand/panne med uspesifisert utfoming, U4 nedre og midtre salteng, U5 øvre salteng, U6 grusstrand og brakk grus/sandforstrand, V2 fleirårig gras/urtetangvoll og X1 strandberg. Vegetasjonstypane er ikkje godt nok utgreidde.

*Artsmangfald:* På tangvollane dominerer tangmelde, med innslag av balderbrå, krypkvein og tiggarsoleie, ofte med strandrug og åkerdylle i bakkant. Saltengene har m.a. fjørekoll, saltsiv, strandkryp og strandstjerne, med froskesiv, hanekam, kjeldegras (NT) og paddesiv i utprega brakkvassmiljø. På strandberga er det innslag av urter og gras som engfiol, geitsvingel, gjeldkarve, gulmaure, smalkjempe og tiriltunge, dessutan blåstorr, bogestorr, dunhavre, dvergsmyle og loppestorr. Bakkesøte, som vart funnen i 2003, vart ikkje funnen att på veksestaden sin i 2012. i aust er det store høgstaudeenger og grasartar, ofte med mykje mjødurt og strandrøyrr, men òg fuglevikke, hestehavre, hundekjeks, kveke og vendelrot. Sivsongar hekkar ikkje uventa i høgstaudeengene.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området har truleg vore mykje beita i det som i dag er høgstaudeenger og grasenger i bukta i aust, men denne bruken er det slutt på i dag.

*Framande artar:* Ingen påvist, men mykje sitkagran er planta inntil strandengene mot sør.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att. Tillegg: For delområdet ute på sjølve neset, som er tatt ut av avgrensinga i høve til i 2004, er tilstanden no so kritisk at dersom det er ønskeleg å ta vare på denne delen som kystlynghei må skjøtsel i form av beite og krattrydding takast opp att straks (den sårbare arten ormetunge vart funnen her i 2003, og synest no å vere utgått).

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av strandområda med strandenger og strandsump i Giske og på Sunnmøre.

*Grunnjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er stor, intakt, svært variert og nokolunde artsrik med innslag av ein del kravfulle artar og ein raudlisteart i lågare kategori.



**Figur 4.21.** Frå Hagevika, austre del i bukta ut mot Hageneset. I dette miljøet veks m.a. kjetdegras (NT).

### 1532119 Vigra: Hagevika vest

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utfoming:	D0404 Frisk fattigeng, D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Opphøyr av beite
Undersøkt/kjelder:	26.07.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

#### Områdeskildring

**Innleiing:** Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 26.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er ikkje undersøkt før.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg om lag ein km vest for fredingsområdet i Rørvikvågen på Vigra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, men her er òg ein del næringsrike, marine strandavsettinga og skjelsand som er blåst opp på små berg. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

**Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:** Området førast til D04 naturbeitemark, med utfomingane D0404 frisk fattigeng og D0407 frisk/tørr, middels baserik eng. Vegetasjonen er sjølvsgått engprega, med G4 frisk fattigeng og G7 frisk/tørr, middels baserik eng i låglandet.

**Artsmangfold:** Av naturengplanter o.a. kan nemnast blåklokke, blåknapp, blåkoll, dikesvineblom, engfiol, engfrytle, enghumleblom, geitsvingel, gulaks, hanekam, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrøst, kornstorr, loppestorr, småengkall, stortviblad, sumphaukeskjegg, tepperot og tiriltunge. I dei mest grunnlendte partia, som truleg aldri har vore heilt attgrodde, er det grunn til å vente funn av sjeldne eller raudlista beitemarkssoppar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dei seinare åra har området grodd noko att, med spreidde oppslag av bjørk, rogn og øyrevier. Beitinga er tydelegvis teken opp att, slik at attgroinga ser ut til å ha bremsa opp og kan hende til og med reversert.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga haldast på eit slikt nivå at her ikkje gror att.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei intakte naturbeitemarkene i Giske og på ytterkysten i Møre og Romsdal.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) mest fordi kulturmarkseng er ein truga naturtype, pluss at den no er i ei positiv utvikling med beiting.



Figur 4.22. Frå naturbeitemarka ved Hagevika, med Blindheimsnausta i bakgrunnen.

## 1532120 Vigra: Langhaugen (Roald)

Nummer i Naturbase:	BN00015255
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng, D0411 Vekselfuktig, baserik eng, D0412 Våt/fuktig, middels næringsrik eng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Opphøyr av beite
Undersøkt/kjelder:	23.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skriven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 23.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 20 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Langhaugen nord for tettstaden Roald. Berggrunnen har m.a. innslag av gabbro, glimmerskifer og glimmergneis. I tillegg er her bra med næringsrike, marine strandavsettingar, og skjelsand har blest opp på alle haugane i lokaliteten. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D04 naturbeitemark, med utformingane D0407 frisk/tørr, middels baserik eng og D0411 vekselfuktig, baserik eng, med mindre innslag av D0412 våt/fuktig, middels næringsrik eng på flatene i nordkant av lokaliteten. Vegetasjonen er naturleg nok engprega, med G7 frisk/tørr, middels baserik eng og G11 vekselfuktig, baserik eng (blåstorr-engstorreng) og til sist litt G12 våt/fuktig, middels næringsrik eng.

*Artsmangfald:* Mangfaldet av naturengplanter osb. er uvanleg breitt, med artar som aurikkelsvæve, bakkesøte (ny i 2012), blåklokke, blåkoll, blåstorr, engfiol, dunhavre, dvergjamne, dvergsmyle, engfrytle, engnellik (tydeleg ein hagevariant), engstorr, fagerperikum, finnorskjegg, fjellmarikåpe, fjelltistel, geitsvingel, gjeldkarve, gulaks, gulmaure, gulsildre, harerug, hårsvæve, kattefot, kornstorr, kusymre, kystgrisøyre, lodnestorkenebb (svært sjeldan i Møre og Romsdal), lækjeveronika, marinøkkel, raudsildre, raudsvingel, smalkjempe, småengkall, stortviblad, strandkjempe, tepperot, tiriltunge, vill-lin og vårmarihand. Eitt individ av purpurmarihand (VU) vart funnen i våtenga i det nordlege delområdet i 2003. Her veks også dikesvineblom, hanekam og heifrytle osb. saman med meir kravfulle artar som jåblom, myrsaulauk og svarttopp. Raudlista beitemarkssoppar er gulfotvokssopp (NT) og raudskivevokssopp (NT), mogleg også flammevokssopp (VU), og i alt er det funne 12-13 ulike artar av vokssoppar. Denne gruppa er førebels svært dårleg undersøkt, og venteleg vil her finnast mange andre sjeldne eller raudlista artar. Mest interessant mellom moseartane er kveilmose, som er nokså kravfull (veks på berg), dessutan gullhårmose i fuktsig på nordsida.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten har vore beita kontinuerleg over lang tid, med litt varierande beitetrykk dei seinare åra, men er tydeleg noko dårlegare beita i dag enn for 10 år sidan. Strukturen i dei meir grunnlendte områda er likevel uvanleg god. Dei berglendte delområda sør i lokaliteten har noko attgroingspreg, mellom anna med spreidde oppslag av lyngmark, einer og framande treslag.

*Framande artar:* På berga og bakkane i det sørlege delområdet er det planta bergfuru og sitkagran, og her veks det òg sprikemispel og svensk asal.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga aukast, og ein bør rydde vekk oppslag av kratt og framande treslag og buskar. Skjøtselsplan bør utarbeidast snarast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og heilt uerstatteleg del av dei intakte naturbeitemarkene i Giske og på ytterkysten i Møre og Romsdal.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er intakt, uvanleg artsrik og variert, med fleire raudlistearter i høgare kategori. Naturtypen er i tillegg truga.



**Figur 4.23.** Frå det sørlege delområdet av Langhaugen nord for Roald. Her gror det att.



**Figur 4.24.** Bakkesøte vart ny art ved Langhaugen i 2012, og veks tørt på dei gamle bunkersane saman med lodnestorkenebb og marinøkkel.



Figur 4.25. Blåstorr-engstorren på nordsida av Langhaugen.

## 1532121 Vigra: Roaldsneset

Nummer i Naturbase:	BN00015258
Hovudnaturtype:	Kyst og havstrand
Naturtype:	G03 Sanddyne
Utfoming:	G03 Artsfattig fordyne
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiling:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 05.07.2012. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 24 i Holtan (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg rett nord for hamna på Roald, og ligg i hovedsak på næringsrike, marine strandavsettingar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til G03 sanddyne, med utforminga G03 artsfattig fordyne. Vegetasjonen har både V6 fordyne og V7 primærdyne, med store innslag av W2 dyneeng, som arealmessig er dominerande. I sør er det så vidt innslag av tangmeldevoll.

*Artsmangfold:* Av karplanter er sandstorr mest interessante innslag på fordyne og primærdyne, då desse er sørlege sandbindarar. På stranda veks elles strandreddik, tangmelde og tiggarsoleie, med blåstorr, gulmaure og smalkjempe i eroderte kantar. I dyneenga veks engsoleie, fuglevikke, hestehavre, hundegras, krusetistel, kystbjørnekjeks, skvallerkål, strandrug og vendelrot, og her hekkar ikkje uventa sivsongaren.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området har truleg vore noko beita eller slått tidlegare, og er i dag i hovudsak grodd att til etablert dyne med dyneeng.

*Framande artar:* Korgpil, rynkerose og skvallerkål.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av strandområda med strandenger og strandsump i Giske og på Sunnmøre.

*Grunngeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er intakt, variert og nokolunde artsrik med innslag av ein del kravfulle artar og innslag av ein truga naturtype.



**Figur 4.26.** Erodert dynekant ved Roald.

## 1532122 Vigra: Rørvikvågen

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015259
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0412 Våt/fuktig, middels næringsrik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Attgroing, slitasje frå altfor tunge beitedyr
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.07.2012, DH & PL
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 23.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 27 i Holtan (2004), og avgrensinga er utvida mykje sidan kartlegginga i 2003.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av verneområdet i Rørvikvågen på Vigra, og inkluderer noko av vernearealet i sørkant av avgrensinga. Den ligg på næringsrike, marine strandavsettingar. Området ligg i sterkt oseansk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0412 våt/fuktig, middels næringsrik eng, men har også innslag av meir hei- og myrprega delområde. Vegetasjonen førast i hovudsak til G12 våt/fuktig, middels næringsrik eng, men er ikkje godt nok utgreidd.

*Artsmangfald:* Mest interessant av karplantefunna er ein god bestand av ein sjeldan, freda og raudlista orkidé som purpurmarinand (VU), som i alle fall talde fleire enn 200 stenglar i 2012. Også krysninga mot flekkmarihand vart observert. Elles veks her naturengplanter, og andre som er bundne til fuktigare miljø, som bekkeblom, bjønnskjegg, blåstorr, blåtopp, bukkeblad, dikesvineslom, englodnebras, engstorr, finnskjegg, geitsvingel, gulmaure, hanekam, heifrytle, kjeldeurt, kornstorr, kvitlyng, loppestorr, mjødurt, mannasøtgras, myrhatt, myrklegg, myrsaulauk, rome, skogsiv, småengkall, slåttestorr og særbusstorr. I 2008 vart det funne ein del beitemarkssoppar, både jordtunger, raudskivesoppar og vokssoppar, men førebels ingen raudlisteartar. Interessante mosar er myrfiltmose, raudmakkmose og stormakkmose, som dels assosierast med rikmyr. I 2012 hekka minst 30 par med stormåke i dei lyngdominerte delområda nord i lokaliteten (gråmåke, sildemåke og svartbak).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten har vore beita kontinuerleg over lang tid, med litt varierande beitetrykk dei seinare åra, men er tydeleg noko betre beita i dag enn for 10 år sidan. Strukturen er generelt god.

*Framande artar:* Ingen påvist, men sitkagran veks i nærleiken og kan vandre inn i lokaliteten kva tid som helst.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga haldast minst på dagens nivå, og det er eit spørsmål om det kunne vore nyttå mindre tunge kurasar grunna slitasje. Skjøtselsplan bør utarbeidast snarast, ikkje minst då purpurmarihand er klart skjøtselsbetinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og heilt uerstatteleg del av dei intakte naturbeitemarkene i Giske og på ytterkysten i Møre og Romsdal.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er intakt, artsrik og variert, med ein viktig raudlisteart i høgare kategori. Naturtypen er i tillegg truga.



**Figur 4.27.** Fuktengene nord for verneområdet i Rørvikvågen, sett frå vegen mot sørvest.



**Figur 4.28.** Purpurmarihand (VU) i dei næringsrike våtengene i Rørvikvågen i 2012.



**Figur 4.29.** Nærbilde av purpurmarihand (VU). Arten skal no heite *Dactylorhiza majalis* ssp. *purpurella*, og ikke *D. purpurella* slik som før.

## 1532123 Vigra: Synnesfjellet

<b>Nummer i Naturbase:</b>	BN00015254
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D07 Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0703 Fuktig llynghesi, D0706 Purpurlynghei
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep, attgroatning
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.07.2012, DH & PL
<b>Stadkvalitet:</b>	God

### Områdeskildring

**Innleiing:** Omtalen er skiven av Dag Holtan i februar 2013 basert på eige feltarbeid 23.07.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for arbeidet er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 33 i Holtan (2004).

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på nordsida av fredingsområdet i Synesvågen. Berggrunnen består av næringsfattige, ikkje inndelte gneisar. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Området førast til D07 kystlynghei, med utformingane D0703 fuktig llynghesi og D0706 purpurlynghei, men ein kunne òg vurdert om ikkje mindre delområde kunne førast til A08 kystmyr. Her er dessutan mykje strandline, med fattige kystberg, og oppslag av krattskog under bergrøter i sørvest og på nordvestsida av fjellet. Vegetasjonen har innslag av både H1 tørr llynghesi, H3 fuktig llynghesi, kan hende også M2 (middelrik fastmattemyr).

**Artsmangfald:** Av karplanter kan nemnast innslag av meir kravfulle artar i fuktsig, t.d. blåstorr, dvergjamne, engstorr, gulmaure, gulsildre, gulstorr, hårstorr, jåblom, knollerteknapp, kornstorr, kusymre, loppestorr, myrsaulauk, skogsiv, svarttopp, særbusstorr og vill-lin. Interessant er også førekomensten av purpurlyng (NT), som her har si kjende nordgrense, og det kan sjå ut som om talet på planter har auka ein del sidan kartlegginga i 2003. Elles går det i vanlegare artar som heiblåfjør, heifrytle, heisiv, heistorr, slåttestorr, stjernestorr og tepperot, i ei kløft på nordsida av fjellet også hinnebregne. Myrstjernemose, raudmakkmos og stormakkmos veks i dei rikaste siga, og høyrer alle heime i rikmyr, medan narremose, som veks på soleksponerte bergveggar ved purpurlyngen, er ein mindre vanleg art.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Beitestrykket har vore litt opp og ned dei siste åra. Ei tid gjekk her islandshestar, men det ser no ut til å vere meir eler mindre slutt på aktiv skjøtsel. Det er derfor attgroatning som pregar det meste av lokaliteten.

**Framande artar:** Både buskfuru og sitkagran er tidlegare planta ut, og spreier seg noko. Rynkerose er funnen ved stranda eit par stader i vest.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att. Framande treslag og buskar bør fjernast.

**Del av heilsakleg landskap:** Lokaliteten utgjer ein svært viktig, intakt og uerstatteleg del av dei mange kystlyngheiene på Sunnmørskysten, kor intakte låglandsutformingar no har vortne sjeldne.

**Grunngjeving for verdivurdering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er svært stor og variert, velutvikla og somme stader artsrik, med norsk nordgrense for utforminga purpurlynghei. Kystlynghei er dessutan ein sterkt truga naturtype.



**Figur 4.30.** Purpurlyng (NT) på sørsida av Synesfjellet. Dette er den nordligaste kjente førekomsten nasjonalt.



**Figur 4.31.** Gulsildre i rike sig i heiområda under Synesfjellet.

## 1532124 Vigra: Ålesund lufthavn

<b>Nummer i Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	D01 Slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 Frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep, gjengroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.08.2010, DH & Rune Solvang; 14.09.2011, DH; 18.12.2012, DH
<b>Stadkvalitet:</b>	God

**Note:** Denne lokaliteten er hentet ut fra denne rapporten, som er på bokmål: Solvang, R. & Holtan, D. 2011. Biologisk mangfold på Ålesund lufthavn, Vigra, Giske kommune, Møre og Romsdal. Avinor BM-rapport nr. 8 -2010. 30 s.

### Områdeskildring

**Innledning:** Beskrivelsen er bearbeidet av Dag Holtan i februar 2013 basert på eget feltarbeid 30.08.2010 sammen med Rune Solvang (Solvang & Holtan 2011) og senere, eget feltarbeid 14.09.2011 og 18.12.2012. Bakgrunnen for feltarbeidet er en nasjonal satsing på å undersøke naturmangfoldet på statlige etaters eiendommer. Oppdragsgiver har vært Avinor via Asplan Viak.

**Lokalisering/avgrensning/naturgrunnlag:** Det ble avgrenset et felt på 20 – 30 m på begge sider langs flystripa (som er 2350 m lang), samt de gressbevokste “trafikkøyene” som lokaliseres nært terminalen. Området ligger i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon. Grunnen består av marine strandavsetninger, i hovedsak næringsrike og noe baserike sand- og grusforekomster.

**Naturtyper/vegetasjonstyper:** Hele det avgrensede arealet føres til naturtypen slåttemark (D04), med utforminger som i hovedsak kan føres til frisk/tørr, middels baserik eng (D0107) og vekselfuktig, baserik eng (D0111). Sistnevnte føres til G11 etter Fremstads (1997) vegetasjonstypeinndeling. Helt i øst, på sørsvida av flystripa er det ellers små arealer med tendenser til utvikling av flygesandfelter, oppblåste fra det tilgrensende fuglefredningsområdet. Slåttemarkene har svært god struktur, bl.a. med høyt innslag av rosett dannende karplanter og generelt et bredt spekter av urter. Ellers er det innslag av både skrotemark og tørr til fuktig kystlyngheivegetasjon innenfor flyplassområdet, men disse ble ikke spesielt prioriterte ved undersøkelsen, da de viste seg å være av fattige og triviale typer.

**Artsmangfold:** Plantelivet innenfor flyplassområder er variert, men med høyt innslag av såkalte naturengplanter, flere av dem litt kravfulle, pluss enkelte strandeng- eller myrplanter. Her skal nevnes bittersøte, blåklokke, blåknapp, blåkoll, blåstarr (svært tallrik), bråtestarr, dikesvineblom, dunhavre, dvergjamne, finnskjegg, geitsvingel, gjeldkarve, gulaks, gulmaure, gulsildre, gåsemure, heisiv, jåblom (tallrik i vest), kjerteløyentrøst, knegras, kornstarr, kystgrisøre, marinøkkel, myrsauløk, nyseryllik, prestekrage, rundbelg (svært tallrik), ryllik, sandstarr, smalkjempe (svært tallrik), småengkall (høstengkall), tiriltunge, tusenfryd, vill-lin og flere uidentifiserte øyentrøstarter. Bittersøte og marinøkkel må omtales spesielt. For førstnevnte opptrer denne som dominant over store delområder, og vi antar at det kan være snakk om minst 50 000 individer. Arten er sjeldent i Møre og Romsdal, og dette bør være blant de betydeligste forekomstene som er kjent nasjonalt. For marinøkkel anslår vi opp mot 5000 stengler, og i lavlandet i Norge er slike konsentrasjoner ytterst sjeldne. Når det gjelder antatt purpurmarihand (VU), ble det bare funnet en plante i et fuktsig på nordsida av flystripa i vest. Dessverre var høsten 2010 preget av langvarig tørke gjennom hele august og deler av september. Det ble derfor ikke funnet mye beitemarkssopper. Av rødkivesopper ble lillagrå rødkivesopp *Entoloma griseocyaneum* (VU) identifisert (god signalart for kontinuitet i skjøtselen), mens det av vokssopper bare ble funnet spiss vokssopp *Hygrocybe persistens* og kjeglevokssopp *H. conica*, begge i store mengder. I 2011 ble det funnet en del forekomster av melrødkivesopp (VU) og en med praktrødkivesopp (VU).

**Påvirkning/bruk/trusler:** Engene langs flystripa har blitt skjøttet med jevnlige slåtter siden flyplassen åpnet i 1958. Tidligere skal det ha blitt gjødslet noe med kunstgjødsel, men det er ”lenge siden” dette har opphört (Perry Giske pers. medd.). Potensielle trusler vil først og fremst knyttes til jordbearbeiding

eller gjødsling, evt. bruk av plantevernmidler. I 2012 og 2013 fjernes likevel en del av jordsmonnet, som skal legges tilbake igjen, i forbindelse med utvidelse av sikkerhetssonen for flystripa.

**Fremmede arter:** Rynkerose står på svartelista over innførte arter, og ble funnet på sørsida av flystripa helt i øst. Ellers er det spredde innslag av både buskfuru, korgpil og sitkagran.

**Hensyn og skjøtsel:** Det beste for de biologiske verdiene er om området ikke utsettes for fysiske inngrep, spesielt jordbearbeiding. Gjødsling vil også være negativt. For å opprettholde artmangfoldet og den gode strukturen i engene er videre skjøtsel i form av slått avgjørende, og det kan se ut som om dagens regime på dette feltet er fornuftig. Fremmede arter bør fjernes. Grunnet omstendighetene, med til dels betydelige negative inngrep i 2012 og 2013, anbefales oppfølgende kartlegging for å overvåke utviklingen, og en skjøtselsplan bør komme på plass i 2013.

**Verdivurdering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den er svært stor til slåttemark å være ( $>100$  daa), relativt artsrik og har svært god struktur og variasjon på naturtype- og vegetasjonstypenivå. De nærmest sagt utrolige forekomstene av bittersøte og marinøkkel vektlegges spesielt. Samtidig er naturtypen sterkt truet.



**Figur 4.32.** Dei oppstikkande, visne stenglane er bittersøte, fotografert 18.12.2012. Arten veks her med mange titusen individ.



Figur 4.33. Bittersøte i framgrunnen 14.09.2011, og god struktur på slåttemarka generelt.

## 4.3 Lokalitetar som ikkje vart prioriterte i 2012

Av ulike årsaker vart ikkje alle kjente lokalitetar prioriterte ved feltarbeidet i 2012. Somme er øydelagde, andre har låg verdi (C, lokalt viktig). Den fulle oversikta for alle registrerte naturtypelokaliteter i Giske finn ein her: <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>.

Tabell 4.1. Liste over lokalitetar som ikkje vart prioriterte ved feltarbeidet i 2012.

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi 2004	Kommentar
Molnesurene, BN00015257	B01	B0101	B	Attgrodd, m.a. med buskfuru, sitka og svensk asal, alle viktige artar har truleg gått ut
Røssvika, BN00015266	G04	Ikkje spesifisert	C	Ikkje prioritert i 2012, men intakt
Tørneset, BN00015265	D07	D0701/D0703	C	Attgrodd, m.a. med buskfuru, einer sitka og anna kratt

# 5 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av Artsdatabanken. Den siste kom i 2010 (Kålås mfl. 2010) og er basert på kjent kunnskap om ca. 35 000 artar innanfor ulike artsgrupper. 21,8 % av disse artane er ført opp på raudlista (4599 artar). Data om vekstane er henta frå Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>) 20.01.2013. For meir detaljerte data om dei einskilde funna visast det til lenka nemnt over.

## 5.1 Raudlista vekstar i Giske

### 5.1.1 Sopp

37 raudlista soppar er så langt dokumenterte frå Giske. Alle er faktisk bundne til det tradisjonelt drivne kulturlandskapet, altså gamle beite- og slåttemarker, og er såkalla beitemarkssoppar. Funna er frå beitemarkene ved Alnes (Godøya), Blimshaugen (ved Blindheim vest for verneområdet i Rørvikvågen, nær badestranda Blimssanden), Langhaugen ved Roald og naturreservatet på nordsida av Molnesfjellet.

- 1) Stanknarrevokssopp *Camarophyllospis foetens* (VU)
- 2) Vridt køllesopp *Clavaria amoenaoides* (VU)
- 3) Røykkøllesopp *C. fumosa* (NT)
- 4) Halmgul køllesopp *C. flavipes* (VU)
- 5) Knippesmåfingersopp *Clavulinopsis fusiformis* (VU)
- 6) Praktraudskivesopp *Entoloma bloxamii* (VU)
- 7) Glasblå raudskivesopp *E. caeruleopolitum* (VU)
- 8) Svartblå raudskivesopp *E. chalybaeum* (NT)
- 9) Ramneraudskivesopp *E. corvinum* (NT)
- 10) Lillagrå raudskivesopp *E. griseocyaneum* (VU)
- 11) Semska raudskivesopp *E. jubatum* (NT)
- 12) Fiolett raudskivesopp *E. mougeotii* (NT)
- 13) Slåtteraudskivesopp *E. pratulense* (VU)
- 14) Melraudskivesopp *E. prunuloides* (VU)
- 15) *Entoloma queletii* (NT).
- 16) Tyrkarraudskivesopp *E. turci* (NT)
- 17) *E. velenovskyi* (VU)
- 18) Dynejordtunge *Geoglossum cookeanum* (NT)
- 19) Gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* (VU)
- 20) Brun engvokssopp *H. colemaniiana* (VU)
- 21) Gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT)
- 22) Musserongvokssopp *H. fornicate* (NT)
- 23) Raudnande lutvokssopp *H. ingrata* (VU).
- 24) Flammevokssopp *H.intermedia* (VU)
- 25) Skifervokssopp *H. lacmus* (NT)
- 26) Bittervokssopp *H. mucronella* (NT)
- 27) Lutvokssopp *H. nitrata* (NT)
- 28) Raudskivevokssopp *H. quieta* (NT)
- 29) Russelaervokssopp *H. russocoriacea* (NT)
- 30) Raud honningvokssopp *H. splendidissima* (VU)
- 31) Gul slimvokssopp *H. vitellina* (VU)
- 32) Engriddarhatt *Lepista luscina* (NT)
- 33) Vrangjordtunge *Microglossum atropurpureum* (VU)

- 34) Oliventunge *M. olivaceum* (VU)
- 35) Grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (EN)
- 36) Grynknollslirehatt *Squamanita paradoxa* (EN)
- 37) Vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU)

### **5.1.2 Lav**

Så langt er det funne berre fire raudlista lavartar i Giske. Alle er bundne til bergveggar.

- 1) Kystblåfiltlav *Degelia atlantica* (VU). Funnen på Godøya og ved Molnes.
- 2) Olivenfiltlav *Fuscopannaria mediterranea* (NT). Funnen på Godøya.
- 3) Gullprikklav *Pseudocyphellaria crocata* (VU). Funnen på Godøya.
- 4) Ringstry *Usnea flammea* (NT). Funnen sør for Hageneset på Vigra, i ei lita, nordvendt kløft. Solid norsk nordgrense.

### **5.1.3 Karplanter**

Det ligg føre opplysningar om 13 raudlista karplanter i Giske.

- 1) Havburkne *Asplenium marinum* (NT) er bunden til ytterkysten, ofte på berg i saltoversprøyta område. Kjent frå sørvestsida av Godøya og Erkna, og dette er den nest nordlegaste førekoststane som er kjent i verda (det er funnet på Lepsøya i Haram som er lengst nord).
- 2) Fjordmelde *Atriplex longipes* (EN) vart funnen ved «Jøsund» i 1933.
- 3) Kjeldegras *Catabrosa aquatica* (NT) veks i brakkvassmiljø på strandenger.
- 4) Nebbstorr *Carex lepidocarpa* (NT) vaks i si tid ved Svansvatnet, men denne lokaliteten er nå øydelagt. Under dei nasjonale botanikkdagane i 2003 vart arten funnen innanfor naturreservatet ved Molnes.
- 5) Toppstorr *C. paniculata* (VU) veks med ca. 70 tuver inne i verneområdet i Rørvikvågen.
- 6) Purpur marihand *Dactylorhiza purpurella* (VU) veks i Molneset naturreservat, i Rørvikvågen og fleire stader aust for Blimshaugen. Det eine individet som er kjent frå flyplassen overlever neppe dei nye inngrepa.
- 7) Purpurlyng *Erica cinerea* (NT) har si norske nordgrense på Synnesfjellet.
- 8) Ask *Fraxinus excelsior* (NT) er òg relativt utbreidd i låglandet i kommunen (i spreing) og raudlista av liknande årsaker som alm.
- 9) Ormetunge *Ophioglossum vulgatum* (VU) har no forsvunne frå Hageneset, men veks framleis nord for Molnesfjellet.
- 10) Bustjernaks *Stuckenia pectinata* (NT) vart funnen i ein dam innanfor naturreservatet ved Molnes i 2002.
- 11) Rankfrøstjerne *Thalictrum simplex* (NT) vart funnen einkvan staden ved «Blindheim» i 1933.
- 12) Alm *Ulmus glabra* (NT) veks i Giske naturleg berre på sørsida av Godøya. Grunnen til raudlistestatusen er almesjuka og at beiting frå hjort mange stader er eit alvorleg trugsmål.
- 13) Smånesle *Urtica urens* (VU) vart funnen på Blimssanden i 2012, og dette var vel første observasjonen i Møre og Romsdal på meir enn 50 år.

### **5.1.4 Mosar**

Berre ein raudlisteart for denne gruppa er kjent frå Giske, nemleg øygardsmose *Glyphomitrium daviesii* (NT), som vart funnen på vestsida av Valderøya for så lenge sidan som i 1907.

# 6 Kjelder

## 6.1 Sitert litteratur

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Holtan, D. 2004. Biologiske undersøkingar i Giske kommune. Rapport, Giske kommune. 69 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1998. Noen soppfunn i ugjødsela beite- og slåttemarker III. Agarica 15 (24/25):29-58.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Krog, H., H. Austhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Tveter, E., Lutro, O. & Thorsnes, T. 1998. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart Ålesund, M 1: 250 000. Noregs geologiske undersøking.

Solvang, R. & Holtan, D. 2011. Biologisk mangfold på Ålesund lufthavn, Vigra, Giske kommune, Møre og Romsdal. Avinor BM-rapport nr. 8 -2010. 30

## **6.2 Verdsvevressursar**

Følgjande databaser vart sjekka i februar 2013:

Mosedatabasen: <http://nhm2.uio.no/botanisk/mose/>


Lavdatabasen: <http://nhm2.uio.no/lav/web/index.html>

Soppdatabasen: <http://nhm2.uio.no/botanisk/sopp/>

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/FaneArtSok.aspx>

Naturbase: <http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

## 7 Kart



**Kommentar til dekningskartet:** Om lag 90 % av arealet i Giske er no tilfredsstilande kartlagt, i den forstand at alle A- eller B- lokalitetar skulle vere fanga opp.

